



## DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

### MØTEBOK Balestrand sokneråd (SR).

**Møtedato:** 10 06 21

**Møtetid:** Kl. 18:30-20:15

**Møtestad:** KVIKNE HOTELL.

**Desse møtte:** Kari Kvikne (leiar), Kjetil Netland (geistleg repr.), Anne Karin Solheim Sjøthun, Berit Støle, Jenny Kristin Menes, Laila Vang, Ole Eilifsen, Helge Ulvestad.

**Vara:** Marit Vannes

### Saker:

#### 37/21: Godkjenning av innkalling.

Ingen merknad.

#### 38/21: Godkjenning av referat frå førre møte.

Ingen merknad.

#### 39/21: Orienteringssaker:

##### Vedtak:

Orienteringane vart tekne til vitande.

#### 40/21: Partnerkyrkjelyd.

##### Vedtak:

Soknerådet vil delta som partnerkyrkjelyd og ynskjer at det lokale laget på Sagatun får høve å presentere overfor kyrkjelyden Laget på landsbasis i tillegg til det lokale lagsarbeidet.

#### 41/21: Ledige ‘vakter’ i ST Olav.

##### Vedtak:

Liste med fordeling av ansvar vart gjennomgått og supplert.

Gudstenestelista Tjugum: Soknerådet vart minna om vakter/tiltak ein har sett seg opp på.

#### 42/21: Førebuande drøfting av leiarskifte ved komande årsskifte.

Det var ingen merknad til kommande leiarskifte.

#### 43/21: Bruk av gavefond, Kvamsøy

**Vedtak:**

1. Soknerådet ynskjer å få framlagt utkast til retningsliner for bruken av fondet ved Kvamsøy kyrkje. Jarle Geithus (revisor sokneråd), Marit Vannes, Jostein Risa og Helge Ulvestad vert spurde om å delta i nemnd for å utarbeide retningsliner herunder om fondet skal registrerast som legat i Brønnøysund.
2. Dersom søknad til staten om midlar til større vedlikehald krev eigendel frå kyrkja, vil soknerådet i særsmøte eller på anna vis ta stilling til dette etter framlegg frå nemnda.

**44/21: Ymse:**

Jenny tok opp spørsmål om korleis få med nye medlemer til kyrkjelydsweekend til vinteren. Det vart føreslege å invitere særskilt dei som er nye i landet, nye i kyrkjelyden småbarnsfamiliar og gje høve til evt 'bli med for første gang'- tilbod eller sponsing av pris.

Det vart vidare teke opp spørsmål kring stemnet på Holmevasshytta som i år er Balestrand sokn sitt ansvar. Soknerådet drøfta framlegg til talar, musikk, informasjon mv.

**Med venleg helsing**

**Kari Kvikne**

**-leiar-**